



Melding om vedtak

Svein Ove Tjønnhaug
Blehrsgt. 3

3960-STATHELLE

Delegert sak nr. 15/333

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2015/1011	19684/2015	59/16	02.11.2015

59/16 - Søknad om tiltak – utsleppsløyve minireinseanlegg

- A. Løyve til tiltak, jf. PBL § 20-3 og kapittel 12 i Forureiningsforskrifta.**
- B. Ansvarsrett i samband med tiltaket, jf. PBL § 23-4 - 23-6.**

TILTAK: Utslepp av svartvatn - minireinseanlegg
TILTAKETS ADRESSE: Brottstodvegen 142, 3890 VINJE
EIGEDOM: Gnr. 59 bnr. 16 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Vinje Rør AS, Verkstadvegen 18, 3890 VINJE
TILTAKSHAVAR: Svein Ove Tjønnhaug

VEDTAK

A. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. saksutgreiinga.

B. Ansvarsrett i samband med tiltaket vert gjeve til:

Vinje Rør AS for PRO og UTF	føretaksnr. 995 745 763
-----------------------------	-------------------------

jf. saksutgreiing pkt 2.1

C. Det må etablerast etterpoleringsgrøft til minireinseanlegget. Det skal nyttast godkjende masser til dette – anten Filtralite eller vaska grus med rett korning.

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn

Referanse:

- Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20080012 - Åmlihaugen.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-3 og kapittel 12 i Forureiningsforskrifta, registrert 23.03.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 18.09.2015, jf. saksmappenr. (jnr.) 2015/1011-1 og 10 med vedlegg.

2. Føretak - Ansvar

2.1 Søknad om ansvarsrett oppgjeve i vedlegg frå nr. 8.

Søkar(ane) ser ut til å oppfylle krav til godkjenning etter PBL § 22-1 eller 22-3.

3. Tiltak

3.1 Tiltaket gjeld etablering av minireinseanlegg Biovac FD 5 N PEH for utslepp av svartvatn frå fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Det vart gjeve løyve til tiltaket i dispensasjonssak i plan- og miljøutvalet i møte 09.09.2015.

3.2 Grunneigar er varsla og samtykker i tiltaket.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Dokumentasjon etter PBL § 21-2 og § 12-4 i forureiningsforskrifta synest å være tilfredsstillande.

4. Spesielle vilkår

4.1 Søknaden gjeld etablering av minireinseanlegg Biovac FD 5 N PEH .

Jf. Forureiningslova § 11 nr.4 kan ein opne for å sjå større områder under eitt.
Eit vilkår for dette løyvet, er at andre hytter i området får høve til å knytte seg til anlegget om det vert naturleg/aktuelt.

Meirkostnadane dette fører til, skal dei som får høve til å knytte seg til anlegget, jf. forureiningslova § 22 siste del, betale for.

4.2 Tiltakshavarane er ansvarlege for at anlegget fungerer i samsvar med søknad. Ved eventuell forureining er det forureinar sitt ansvar å utbetre anlegget.

4.3 Maksimum utslepp til natur i samsvar med forureiningslova der krav til reinseffekt er min: 90%forfor(P) og 90%BOF5 Suspendert stoff(SS).

- 4.4 Reinseeffekten skal meldast som årleg middelvei av det som blir tilført reinseanlegget.
- 4.5 Ein skal lokalisere og utforme utsleppstad for avløpsvatn frå reinseanlegget slik at verknadene av utsleppet på resipienten blir minst mogleg. Ein skal og syte for at brukarkonfliktar ikkje oppstår, medrekna at utsleppet ikkje medfører fare for drikkevatt.
- 4.6 Kopi av avtale for service og rapportar gjennom året, skal ein sende Vinje kommune.
- 4.7 Ved endring av serviceavtale og/eller ny leverandør av service- og vedlikehaldstenester, må kommunen få melding om dette.
- 4.8 Ved ei eventuell utbygging av kommunalt leidningsnett for vatn og avløp, kan kommunen kreve tilkopling til dette nettet, jf. PBL §§ 27-1 og 27-2.
- 4.9 Kopi av service-/vedlikehaldsavtale med godkjent firma må vera kommunen i hende før det vert gjeve ferdigattest.
- 4.10 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:
Løyve til tiltak – type utslepp: 0,- - *det er tidlegare fakturera for dette utsleppet.*

5. Konklusjon

Vilkåra etter PBL § 20-3 og § 12-4 i forureiningsforskrifta med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Tove Bringsvær
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

TDV v/Knut Ringhus